



Kinn kommune

*Folkehelseavdelinga - eit interkommunalt samarbeid  
Askvoll • Bremanger • Fjaler • Hyllestad • Høyanger  
Kinn • Solund • Stryn • Sunnfjord*

# Årsrapport for Folkehelseavdelinga 2025



Havhesten Florø

# Innhald

Innleiing.....	3
Organisering .....	4
Økonomi og kostnadsfordeling.....	5
Økonomisk ramme og utvikling .....	5
Regnskap 2025 .....	5
Ny ramme/ kostnadsfordeling frå 2026.....	6
Kompetanse .....	8
Miljøretta helsevern.....	8
Plan- og arealsaker .....	8
Skular og barnehagar .....	8
Inneklima .....	9
Hud-, fotpleie, frisør, tatovering og holtaking.....	9
Treningscenter/treningsstudio .....	9
Campingplassar .....	9
Badeanlegg, badstu og boblebad .....	10
Støy og forureining .....	10
Radon .....	10
Smittevern .....	10
Tuberkulose .....	11
Smittevern- og pandemiplanar.....	11
Folkehelse og samfunnsmedisin .....	11
Plan for 2026.....	11

## Innleiing

Føremålet med folkehelselova er å bidra til ei berekraftig samfunnsutvikling som fremjar folkehelse, livskvalitet og gode sosiale og miljømessige forhold, og som utjamnar sosiale helseforskjellar.

Lova skal bidra til å beskytte befolkninga mot faktorar som direkte eller indirekte kan ha negativ innvirknad på helse, og bidra til å førebygge psykisk og somatisk sjukdom, skade og liding.

Lova skal sikre at kommunar, fylkeskommunar og statlege myndigheiter set i verk tiltak og samordnar si verksemd i folkehelsearbeidet på ein forsvarleg måte. Lova skal legge til rette for et langsiktig, systematisk og kunnskapsbasert folkehelsearbeid.

Kinn kommune, ved Folkehelseavdelinga er vertskommune for det interkommunale samarbeidet innan miljøretta helsevern, smittevern og samfunnsmedisinsk rådgjeving/folkehelse for kommunane Askvoll, Bremanger, Fjaler, Hyllestad, Høyanger, Kinn, Solund, Stryn og Sunnfjord.

Folkehelseavdelinga utfører lovpålagde oppgåver etter delegert mynde frå kommunestyra i samarbeidskommunane innan miljøretta helsevern, smittevern og samfunnsmedisinsk rådgjeving.

Årsrapporten for 2025 gjev ei samla oversikt over aktivitetar, oppgåver og resultat i avdelinga gjennom året.

I tillegg til årsrapporten vert det til kvart kommunedirektørmøte laga ei meir detaljert oversikt over tiltak og aktivitetar i dei ulike kommunane.

Folkehelseavdelinga vil takke alle for eit godt samarbeid i 2025.


Florø, 12. mars 2026

Elisabeth Solheim  
Leiar Folkehelseavdelinga

# Organisering

Arbeidet vert utført av Folkehelseavdelinga, organisert under strategi og samordning i kommunedirektøren sin stab, med kontorstad i Florø.

## Administrativ organisering



# Økonomi og kostnadsfordeling

## Økonomisk ramme og utvikling

Folkehelseavdelinga er finansiert gjennom refusjon frå samarbeidskommunane, basert på vedteken kostnadsfordeling. Den økonomiske ramma for avdelinga har over tid vore justert i tråd med kommunesamanslåingar, endringar i oppgåvemengde og utvikling i kompetansenivå.

Frå oppstarten av samarbeidet i 2012 og fram til 2020 var ramma på 4 mill. kroner, det vart ikkje lagt til deflator i perioden. I samband med kommunesamanslåingane vart ramma frå 2020 redusert til 3,5 mill. kroner. Denne reduksjonen var mogleg som følgje av auka kompetanse i avdelinga, etablering av betre system og meir effektiv drift.

I perioden etter 2020 har ramma vore uendra, og det har ikkje vore lagt til deflator før 2025. Variasjonar i årsresultat har i stor grad vore knytt til foreldrepermisjonar og utdanningspermisjonar. Eventuelle underskot er dekte inn ved bruk av fondsmidlar, i tråd med avtale mellom kommunane.

## Regnskap 2025

Regnskapet for 2025 viser eit meirforbruk på kr 26 473,-. Dette vert dekkja inn av Kinn kommune. Kinn kommune sin andel er på kr 886814. For å balansere regnskapet har vi brukt midlar på bundne fond. Etter 2025 vil fondet vere brukt opp og avslutta. Frå 2026 er det lagt til grunn at eventuelt mindreforbruk skal gjerast opp mot kommunane årleg.

Dei største avvika skyldast auka lønsutgifter. Avdelinga har hatt eit mindreforbruk på praksiskompensasjon og kurs/opplæring.

	<b>Interkommunal Folkehelseavdeling</b>	<b>Regnskap 2025</b>	<b>Budsjett 2025</b>	<b>Avvik (R-B)</b>
	<b>Kostra drift (tekst)</b>			
10	Fastlønn	2 611 127	2 423 477	<b>187 650</b>
50	Annen lønn og trekkpliktige godtgjørelser	298	0	298
90	Pensjonsinnskudd og trekkpliktige forsikringsordninger	700 670	405 778	<b>294 892</b>
99	Arbeidsgiveravgift	462 607	392 138	<b>70 469</b>
100	Kontormateriell	30 086	0	30 086
105	Undervisningsmaterieill	14 830	0	14 830
115	Matvarer	0	20 000	<b>-20 000</b>
120	Samlepost annet forbruksmaterieill, råvarer og tjenester	4 701	65 000	<b>-60 299</b>
130	Post, banktjenester, telefon, internett/bredbånd	1 123	0	1 123
150	Opplæring, kurs	8 746	100 000	<b>-91 254</b>
160	Reise/diett/bil mv. (opplysningspliktig)	678	20 000	<b>-19 322</b>
170	Transport/drift av egne og leide transportmidler	13 835	20 000	<b>-6 165</b>
185	Forsikringer, vakhold og sikring	2 459	0	2 459
195	Avgifter, gebyrer, lisenser o.l.	3 653	1 200	2 453
200	Kjøp og finansiell leasing av driftsmidler	16 610	30 000	<b>-13 390</b>
210	Kjøp/leie/leasing av transportmidler	10 033	15 000	<b>-4 967</b>
240	Serviceavtaler, reparasjoner og vaktmestertjenester	15 606	10 000	5 606
370	Kjøp fra andre (private) (praksiskompensasjon legar)	523 041	787 354	<b>-264 313</b>
429	Merverdiavgift som gir rett til mvakompensasjon	21 693	0	21 693
710	Sykelønnsrefusjon	-3 068	0	-3 068
729	Kompensasjon moms påløpt i driftsregnskapet	-21 693	0	-21 693
750	Refusjon fra kommuner	-2 816 520	-2 810 411	-6 109
950	Bruk av bundne driftsfond	-713 701	-619 196	<b>-94 505</b>
	<b>SUM Objekt 1343 (netto)</b>	<b>886 813</b>	<b>860 340</b>	<b>26 473</b>

## Ny ramme/ kostnadsfordeling frå 2026

Behovet for å justere kostnadsfordelinga vart teke opp i kommunedirektørmøte våren 2025. Bakgrunnen for dette er i hovudsak lønnsglidning knytt til kompetanseheving over tid, fleire spesialistar i avdelinga og generell lønnsvekst i kommunal sektor. Den føreslegne justeringa er primært meint å sikre vidare drift på dagens nivå, samt oppretthalde kvalitet og stabilitet i tenestene.

Som ein del av prosessen vart det lagt fram:

- oversikt over aktivitetar og oppgåver i avdelinga
- historiske tal for økonomisk ramme og kostnadsfordeling
- refusjonskrav for 2025 basert på eksisterande ramme
- forslag til ny kostnadsfordeling frå 2026.

Forslaget vart drøfta i kommunedirektørmøta, og kommunane synte gjennomgåande forståing for behovet for justering, samstundes som dei peika på eigne økonomiske utfordringar.

Kostnadsfordelinga mellom kommunane byggjer på vedteken modell der 30 % av ramma vert fordelt likt mellom kommunane, medan 70 % vert fordelt etter folketal. Tabellen under viser kostnadsfordeling per kommune basert på folketal per 3. kvartal 2025 og samla ramme for 2026. Denne vert justert årleg etter deflator. For 2025 vart det lagt til deflator på 4,2 %, som gav ei samla inntektsramme på om lag 3,65 mill. kroner. Denne ramma er ikkje tilstrekkeleg til å dekke forventna utgifter frå 2026, og det vart difor vedteke å auke ramma frå og med 2026.

<b>Kostnads-fordeling kommune 2026</b>	<b>Folketal per 3 kvartal 2025</b>	<b>30 % likt fordelt</b>	<b>70 % etter folketal</b>	<b>Totalt</b>	<b>Totalt inkl deflator 3,5 % 2026</b>
4602 Kinn	17357	140210	816183	956393	989867
4637 Hyllestad	1274	140210	59908	200118	207122
4638 Høyanger	3886	140210	182732	322942	334245
4645 Askvoll	2929	140210	137731	277941	287669
4646 Fjaler	2933	140210	137919	278129	287864
4647 Sunnfjord	22783	140210	1071331	1211541	1253945
4648 Bremanger	3386	140210	159221	299431	309911
4636 Solund	739	140210	34750	174960	181084
4641 Stryn	7329	140210	344634	484844	501813
Sum	62616	1 261890	2 944 409	4 206 299	4 353 519

## Kompetanse

Avdelinga har totalt 2,7 årsverk. Her er to sjukepleiarar. Ein med vidareutdanning i intensivsjukepleie, rettleiing og mastergrad i sjukepleievitenskap, samt ein sjukepleiar med bachelor i fysisk aktivitet og helse og master i treningsfysiologi og helse. Avdelinga har legar som tek spesialisering i samfunnsmedisin og som er spesialistar innan samfunnsmedisin og allmenntmedisin.

Kinn kommune er godkjend utdanningsverksemd for spesialisering i samfunnsmedisin. Folkehelseavdelinga er ein viktig arena for utdanning, rettleiing og rekruttering innan fagfeltet. Det er inngått avtale om hospitering for lege i spesialisering som er tilsett i NAV Sunnfjord. Avtalen mellom Folkehelseavdelinga og NAV Vestland har ei varigheit på seks månader frå januar 2026.

---

## Miljøretta helsevern

Miljøretta helsevern omfattar faktorar i miljøet som direkte eller indirekte kan påverke helsa, mellom anna inn klima, støy, forureining, stråling og førebygging av ulukker og skadar. Avdelinga har delegert mynde til å føre tilsyn, gje rettleiing og fatte vedtak etter gjeldande regelverk.

I 2025 har avdelinga hatt høg aktivitet innan alle fagområda, med jamn etterspurnad frå kommunane. Oversikter over aktivitetar har vore jamleg lagt fram for kommunedirektørmøta, og viser breidda i oppgåver og sakstypar som vert handterte.

## Plan- og arealsaker

I 2025 har Folkehelseavdelinga behandla omlag 25 plan- og reguleringsaker i samarbeidskommunane. Sakene omfattar kommunale planstrategiar, samfunnsplanar, kommunedelplanar, områdereguleringar og detaljreguleringar knytt til bustad-, nærings- og fritidsutbygging. Avdelinga har gjeve skriftlege uttalar og delteke i møte i samband med planarbeid i mellom anna Askvoll, Bremanger, Hyllestad, Høyanger, Kinn, Stryn og Sunnfjord. Det har vore særleg fokus på støy, trafikktryggleik, omsyn til barn og unge, samt vurdering av helsemessige konsekvensar av arealbruk.

## Skular og barnehagar

Det er gjennomført og følgt opp tilsyn i fleire skular og barnehagar i 2025, mellom anna i Høyanger, Kinn og Sunnfjord. Dette er den fjerde tilsynsrunden på skular og barnehagar. Arbeidet har hatt særleg fokus på inn klima, areal, hygieniske forhold, smitteførebygging og oppfølging av tidlegare avvik. Vi har òg valgt å gjere ei kartlegging av skjermbruk, søvn/oppleving av om barn og elevar er trøtte på skulen, fysisk aktivitet og kosthald. Desse tema ønskjer vi å følgje opp med fagdagar ute i kommunane.

På dei siste tilsyna har vi og hatt eit fokus på vedlikehald og vedlikehaldsplanar. Dette er eit område vi erfarer er gjennomgåande for dårleg ivareteke i alle kommunane.

Avdelinga har òg gjeve rettleiing i samband med planlegging og rehabilitering av skule- og barnehagebygg.

Folkehelseavdelinga vert godt mottekne på tilsyns- og godkjeningsrundane, men òg ved andre høve. Barnehagane og skulane har generelt gode driftsrutiner og internkontrollsystem som svarar ut krav i føreskrift. Vi vert raskare involvert i plan for nybygg og rehabilitering og har behandla fleire søknader om nybygg/rehabilitering av skule/barnehagar i ulike kommunar.

## Inneklima

Avdelinga har i 2025 handsama fleire titals henvendingar knytt til inneklimateutfordringar i offentlege bygg, særleg skular og barnehagar, men òg i private bustader. Dette omfattar rettleiing om ventilasjon, temperatur, fukt, lysforhold og materialbruk. Kommunane har nytta utlån av måleutstyr som CO<sub>2</sub>-målarar og lysmålarar, og fått oppfølging knytt til vurdering av måleresultat og aktuelle tiltak.

## Hud-, fotpleie, frisør, tatovering og holtaking

I løpet av 2025 er det behandla ei rekkje meldingar og søknader frå verksemder innan hud- og fotpleie, frisør, tatovering og holtaking. Vi gjennomfører tilsyn på alle tatoveringsverksemder. I 2025 har vi gjort tilsyn og godkjent tre tatoveringssalongar. Samstundes er eksisterande verksemder følgde opp gjennom rettleiing og kontroll i tråd med regelverket.

## Treningssenter/treningsstudio

Treningssenter har meldeplikt til kommunen etter føreskrift om miljøretta helsevern. Vi har motteke to meldingar om treningssenter i 2025

## Campingplassar

Campingplassar, vandreheimar og andre liknande verksemder som tilbyr overnatting har meldeplikt til kommunen etter føreskrift om miljøretta helsevern. Folkehelseavdelinga har frå tidlegare oversikt over verksemder i alle kommunane. Vi gjorde tilsyn på ein campingplass i 2025 etter melding om uhygieniske tilhøve. Eigar vart rettleia og fekk pålegg om tiltak, saka er no lukka.

## Badeanlegg, badstu og boblebad

Avdelinga har i 2025 behandla fleire meldingar om badstu- og badeanlegg. Det er gjennomført tilsyn ved badeanlegg/symjehallar i alle kommunane. Kommunane har fått fagleg støtte og rettleiing knytt til prøvetaking, hygieniske krav og oppfølging av avvik. Badeanlegga har gode driftsrutiner og forsvarleg drift. Fleire av anlegga har eit stort vedlikehaldsbehov.

I tillegg har vi behandla melding om badstu i kommunane Kinn, Sunnfjord, Bremanger og Fjaler.

## Støy og forureining

Støy- og forureiningssaker har utgjort ein vesentleg del av arbeidet i 2025. Avdelinga har handsama omlag 15 klage- og rådgjevingssaker knytt til bygg- og anleggsstøy, industristøy, trafikk, tekniske installasjonar, lukt og forsøpling. Fleire saker har vore komplekse og langvarige, med involvering av både kommunar, innbyggjarar og Statsforvaltaren. Støysaker har eit potensiale til å utvikle seg til konflikhtar mellom ulike interessegrupper og gjerne med store konsekvensar og kostnader for kommunen, bedrifter eller einskildpartar. Tidleg informasjon og rettleiing i desse sakene vil styrke kommunen si saksbehandling og er heimla som eit lovkrav. Difor ynskjer avdelinga å koplast på tidleg i plansaker der spesielt støy og anna forureining kan verte ei utfordring. Avdelinga deltek i planmøta i Kinn kommune og har god erfaring med å verte koplå tidleg inn. Vi oppfordrar kommunane til å nytte oss meir i slike saker, dette er òg informert om på kommunedirektør- og leiarmøta i kommunane.

## Radon

Direktoratet for strålevern og atomsikkerhet (DSA) hadde i fjor ein nasjonal kampanje for å kartlagt radonnivået i utleigebustader. Radonførekomsten er generelt liten i vårt område, etter ei vurdering valde vi difor å ha fokus på informasjon og rettleiing om radonmåling og radonførebygging. Det vart sendt ut informasjonsbrev til alle kommunane med oppmoding om å nytte heimesidene. Vi henvende oss òg til alle lokalavisene utan at dei valde å sette fokus på saka. Radon er følgt opp som ein del av tilsynsarbeidet i skular og barnehagar.

## Smittevern

Folkehelseavdelinga har i 2025 hatt eit overordna ansvar for rettleiing og støtte til kommunane i det overordna smittevernarbeidet. Avdelinga har rådgjeve alle samarbeidskommunane, mellom anna på smittehendingar i skular og barnehagar. Vi har òg handsama fleire enkeltsaker knytt til skabb, hovudlus og generell smitteførebygging. Avdelinga har bidrege med rådgjeving i forbindelse med eit utbrot av legionella, for å avlaste kommuneoverlege grunna samtidskonflikt.

## Tuberkulose

Avdelinga har vidareført arbeidet med tuberkulosekontrollprogrammet. Mal for tuberkulosekontrollprogram er oppdatert og gjort tilgjengeleg for kommunane, og programmet vert gjennomgått ved behov. Mange kommunar nyttar seg av kompetansen vi har i avdelinga på rettleiing i tuberkulosespørsmål.

## Smittevern- og pandemiplanar

Det er utarbeidd og revidert felles malar for smittevern- og pandemiplanar. Avdelinga har hjelpt kommunane med rådgjeving i arbeidet med helseberedskap og planverk.

## Folkehelse og samfunnsmedisin

Folkehelseavdelinga har i 2025 hatt ei rolle som samfunnsmedisinsk rådgjevar for kommunane. Arbeidet har omfatta deltaking i kommunedirektørmøte, rettleiing i planprosessar og faglege innspel i saker som gjeld skulestruktur, barnehagestruktur og større endringar i kommunal tenesteyting.

Avdelinga har vore særleg involvert i fleire prosessar knytt til skulestruktur, der tilstanden på eksisterande bygg, inneklima og helsemessige konsekvensar for barn og unge har vore sentrale vurderingstema. Dette gjeld mellom anna prosessar i Kinn og Sunnfjord.

Avdelinga har hatt fleire informasjons-/undervisningsøker for medisinstudentar som er i samfunnsmedisinsk praksis i Sunnfjord og Kinn. Studentane har delteke på tilsyn og i det daglege arbeidet i avdelinga. Avdelinga har òg hatt fleire puljer sjukepleiestudentar som skal er i praksis i folkehelsearbeid som del av sitt utdanningsløp.

Avdelinga har gjeve høyringssvar på nasjonale og regionale høyringar, mellom anna revisjon av ny folkehelselov med verknad frå 01.01.2026, samt «Nasjonale faglige råd for skjermbruk blant barn og unge».

## Plan for 2026

Tilsyn og godkjenning av skule og barnehage i Solund kommune

Tilsyn og godkjenning av skular og barnehagar i Sunnfjord kommune

Fullføre alle tilsyn med badeanlegg, basseng

Revisjon av malen for Folkehelseoversiktsdokumentet

Arbeid med internkontroll/malar/heimeside/søknads- og meldesskjema